



Møtereferat - planforum 11.03.2013

Stad: Videomøte.

Referent: Torbjørn Hasund

Kl. 12:00 – 14:00 Gulen kommune – arealdelen til kommuneplanen

Til stades: Frank Van den Ring, Kari Brekken, Håvard Tveit, Reidun Halland (rådmann), Hallvard Oppedal (ordfører), Magne Instefjord, Kjell Eide – Gulen kommune, Synnøve Stalheim, Eline Orheim, Oddgeir Årdal - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Terje Systad - NVE, Knut Åland, Trond Sundby, Torbjørn Hasund - Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hanne Marie Utvær – Fiskeridirektoratet (med på telefon), John Morten Klingsheim - Kystverket vest

Van den Ring fortalte om planprosess så langt og gjekk gjennom viktige problemstillingar.

Stalheim – funksjonell strandsone. Van den Ring – har jobba med strandsoneanalyse for delar av kommunen og jobbar no vidare med resten av kommunen. Byggegrense utarbeidd som funksjonell strandsone. Fleire ulike byggjegranser i strandsone. 3 graderinger av strandsone; i bygdesentrum, i grender og LNF.

Stalheim – stort akvakulturområde. Kvifor så stort? Inngår fortøyningane til anlegga i områda? Van den Ring – Firda sjøfarm har kome med 10 forslag, har utfordringar med stader for oppdrett i dag, sendte forslag med litt større areal. Rimeleg positiv haldning til dette området frå Fiskeridirektoratet. Vore politisk diskusjon om det at det per i dag ligg ute for mange område for akvakultur. Under halvparten i bruk. Utvær – lett å få oversikt over konsesjonar i bruk på heimesida til fiskeridirektoratet.

Stalheim – Manglar ved konsekvensutgreiinga gjer at den ikkje er heilt tilfredstillande til å kunne vurdere konsekvensar og dermed ta stilling til dei føreslegne utbyggingsområda. Stalheim og Van den Ring har ansvar for å følgje opp.

Stalheim – føresegnene. Har funne nokre punkt i føresegnene det ikkje er heimel for. Vidare er vi kritiske til § 1-13 D der det er sett ei generell byggjegrænse mot sjø på 40 m. **Stalheim og Van den Ring ansvar for å følgje opp.**

Orheim – knappe vurderingar i ROS, med bruk av forkortingar. Oppmoda om å gjere det meir tilgjengeleg for ålmenta med eit tydelegare språk. Også behov for meir info om vurderingane og den kunnskapen som ligg til grunn. Sjekklista, 5 tema det er sagt ja på. Ja/nei kolonna skal brukast for å sjekke eit tema ut. Overordna vurdering er lite skildra, bør skildrast meir.

Utvær – kvifor så store område med omsynssone rundt øyane? Ønskjer desse som FFNF, med unntak av rundt særlege områder, som verneområde. Van den Ring, eigentleg ei omsynssone for friluftsliv, for enklare visning av regionalt viktige friluftsområde i sjø.

Kommunen sender kartet til Kartverket for å få ei avklaring på bruken av føremål / omsynssone. Frank Van den Ring – feil i teiknsetjinga, det vil verte retta opp. Farge / kode må stemme overeins.

Utvær – er temakarta juridisk bindande?

Utvær - Søre Gladværet, akvakulturområde bør flyttast nordover og lenger frå gytefelt.

- Gytefeltet i Haugdalsosen, på grensa mellom Masfjorden og Gulen kommunar, er registrert som eit regionalt viktig gytefelt i samband med nasjonalt program for kartlegging av marint biologisk mangfald, og må inn i plankartet.
- Ynskjer endring i føresegner knytt til forøying av akvakulturanlegg. I dagens kommuneplan er det knytt retningsliner og ikkje føresegner til dette. **Utvær vil sende konkrete merknader over til Van den Ring.**

Klingsheim – sjøtrafikken, trafikk og leier; utgangspunkt med areal fra farledsforskriften fungerer godt. Sjøtarafikkens arealinteresser kommer godt fram i forhold til akvakultur. Ein grov gjennomgang tyder på at areala i hovudsak kan akseptast. Dette kjem me tilbake til i vår uttale. Det kan vera aktuelt med kombinasjonsformål nokre stader, at ferdsel vert tatt med som føremål i tillegg til akvakultur - **kommunen kontaktar kartverket for å få ei avklaring på bruken av føremål / omsynssone**

Klingsheim, planføresegner og retningsliner. I planforslaget er føresegnene er knytt til streken (pbl § 11-7 nr. 2), men arealet er rette verktøyet for farleder, føresegnene bør hengast på farleiarealet (pbl § 11-7 nr. 6). kapittel 3. 6 knops fartsgrense (s. 30). Van den ring viser til eksisterande lokale reglar, må vere samkøyrt med reglar som gjeld etter hamne- og farvasslova. Her bør ein vise til gjeldande fartsforskrift. Van den ring viser til eksisterande lokale reglar (Referanse: Forskrift av 12.11.1979 om fartsavgrensing for sjøverts trafikk Eivindvik, Gulen kommune, Sogn og Fjordane - <http://lovdata.no/dokument/SJ/forskrift/1979-11-12-3232>).

Systad – sidestilt plankart – må vere tydleg at desse er juridisk bindande. Van den Ring – no sett opp som temakart, men han kan endre til juridisk bindande delkart for rasfare, då vert

det meir sikra i planen. Kartverket tilrår at ein kommune kan velje å skrive ut fleire delkart.

Van den Ringa avklarar bruken av nemning med Kartverket.

Åland - Gulen kyrkje står på mellomaldergrunn, 60 meterssona rundt merka som omsynssone. Selvåg treskofabrikk er verna. Minte om arbeidet med lokale kulturminneplanar som bør nyttast som grunnlag ved seinare rulleringar. Stort arbeid på gong om Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros. Åland ønskjer møte med kommunen om tilkomst til Kystpilegrimsleia og utvikling av næringsliv.

Oddgeir – omsynssone landbruk, temakart for landbruk seinare? Er det slik å forstå?

Kommunen avklarar

Mona – arkitektur og byggjeskikk. Saknar diskusjon kring dette i arealplan, styrke kvar stad sin karakter, tenkje større enn kvar enkelttomt. Når ein skal leggje til (fortetting) treng ein fleire, parameter å lese ting i forhold til. Andre basisvilkår må leggjast inn. Felles føresegner for primærbehov. Bruke dei kvalitetane ein har i høve grøntområde, grøne og blå strukturar. Byggjeskikk i høve klima. Felles primære føresetnader for arkitektur nedfelt i føresegner.

Van den Ring - ny kraftline Eivindvik - Brosvik og på Hisarøy. Lagt inn som illustrasjon i arealdelen. Gassrør Fensfjorden – Sløvåg sameleis.

Diskusjon kva som skal definerast som naust og kva som er å rekne som hytte. Van den Ring skildra korleis dei vil gjere det i Eivindvik. Ynskjer å i planen presisere kva fritidsbustadføremål er og ikkje er. Bruke sak frå FM frå 2005. Kommunen ønskjer å ønskjer unngå privatisering. Kommunen sender notat no i høyringsrunden og ber om attendemelding.

Sundby om kystkartlegging langs kysten nord i fylket. Fylket har som mål å auke verdiskapinga frå havbruksnæringa og i det inngår tilrettelegging av areal til denne næringa. Viktig med konfliktavklaring i kommuneplanarbeidet.

Slutt 14:00